



**SPENNANDE:** Dei fleste som besøkte kvernhuset søndag hadde aldri sett det i bruk.



**KORN:** Her kan ein sjå korleis kornet kjem ut av trakta og ned i kverna.



**NESBORUTA:** Det var fullt i veteranbussen som kjørte folk på tur til kvernhusa på Villanger.

# Arne (88) fekk fart på kverna



**MJØL:** Kristina Brevik (7 1/2) og Signe Grytten (8) viser fram litt mjøl.

**Som liten var Arne Villanger ofte med far sin og malte korn. Søndag viste han nye generasjonar korleis dei gjorde det.**

Av Anne-Lise Nordpoll  
anne@strilen.no

– Det var ikkje vanskeleg å få ho i gang. Det var i grunnen berre å opna for vatnet, seier Arne.

88-åringen fra Villanger stod for det mest spennande innslaget på opninga av kystsogedagane i Radøy. Han malte korn i kvernhuset slik at alle som ville kunne sjå korleis folk i bygda ordna seg mjøl før i tida.

## Brukte å hjelpe far

– Eg var her mykje som gutunge og hjelpte far min, fortel Arne.

Dei to kvernhusa på Villanger ligg godt skjult i terrenget, men det er merka tursti fram, slik at også folk som ikkje er kjent kan finna fram. Kvernhusa ligg tett i tett og fungerer nett slik som dei gjorde då Arne var liten, fordi han sjølv sytte for å setja dei i stand att då han vart pensionist for 20 år sidan.

Å sjå kverna i drift var ei opplevelse for dei fleste.

– Eg hugsar at far min fortalte om då dei malte korn under krigen. Det budde tre tyske unguttar i loa heime hjå dei, som var vaktar på Manger kai. Dei trudde far min var kjempesrek, for kveld etter kveld kleddde han på seg så

det såg ut som han skulle ut for å trena. Tyskarane fekk inntrykk av at han dreiv med friidrett, men det han gjorde desse kveldane var å springa ned til kverna i Hallandsvatnet og malva korn i skjul, seier Elna Bauge.

Ho fortel at det var ei historie som faren ofte fortalte med eit smil, og då ho fekk sjå kvernhuset på Villanger i bruk, så tenkte ho på han.

## Brukt av heile bygda

At folk malte korn i skjul for tyskarane under krigen, kunne også Arne fortelja. Han var sjølv med på det.

– Det var det mange som gjorde. Far malte ikkje berre til oss, han fekk også sekker med korn frå andre som han malte på kverna her. Heile bygda malte korn her nedunder krigen, fortel Arne.

Kvernhusa på Villanger var også mykje brukt for krigen.

– Dei fleste dyrka korn på gardane her ute. Det var korn, poteter og fisk, jo helst sild folk her levde på den gongen, seier han.

Etter krigen kunne folk skaffa seg mjøl på andre måtar og kvernhusa både på Villanger og andre stader vart stående ubrukt. Mange stader har dei tradisjonsrike husa ramla saman, og Arne trur det er viktig at nokre av kvernhusa vert tatt vare på slik at nye generasjoner kan få sjå og læra korleis folk levde før.

Og så mykje folk som det var samla rundt kvernhusa på Villanger denne sondagen har det nok aldri vore der før.



**KVERNMEISTER:** Arne Villanger (88) hadde ingen problem med å få kverna til å gå igjen. Trykk på bildet for å sjå bildeserie.